



Seljord – Telemark

TURMÅL Hanakamjuvet

TEMA Kulturhistorie

KIVLEDALEN er inngangsporten til Hanakamjuvet og ei fjellbygd mykje brukt til rekreasjonsområde. Kivledalen er kjend for segna om Kivlemøyane. I fjelldalen skal det ha stått ei kyrkje i katolsk tid. Segna fortel om tre ungjenter som gjette geiter oppi dei bratte grasberga over kyrkja. Dei var gode til å spele på bukkehorn og fløyter. Dei gløymde at det var kyrketid, og lét tonane fløyte over dalen. Tonane nådde inn til folka i kyrkja og lokka dei ut på kyrkebakken midt under messa. Presten blei så harm og opprørt at han steig ut på kyrkjetrammen i fullt messeskrud, lyfta armene mot Kivlemøyane oppe i fjellet og mana dei i stein. Segna om Kivlemøyane og slåttane dei spelte, lever framleis i forteljarkunst og folke-musikk i Telemark.

VEGEN GJENNOM HANAKAMJUVET har vore ein gammal ferdselsveg. I 1990 fann to jaktkameratar tilfeldigvis eit maltesarkors i området. Fleire kors er funne etterpå. Ein trur at korsa kan ha vore vegvisarar for pilegrimar. Frå gruvedrifta starta i Seljord og områda rundt på 1500-talet, blei det bygd ein smal rideveg nord for Hanakamjuvet for å frakte koparmalm frå Gullnes gruver. I dag ligg gruvene delvis under vatn ettersom vassdraget er regulert. Vatnet frå området blir nytta til miljøvennleg kraftproduksjon.

Layout: Nina Akerstveit / Trykk: Erik Tøncche Nilsen as



KVA KAN DU SJÅ PÅ TUREN?

KVARTSITT er den dominerande berggrunnen i området. Den rustraude fargen kjem frå jernoksid. I gamle dagar brukte dei pigment frå fjellet for å gi farge til måling. Foto: Hamish Moore

SYSTEMARIHAND er ein vill og totalfreda orkidé. Visste du at blomen er fylkesplante for Telemark? Foto: Audny Barstad

HANAKAMFOSSEN

Foto: Hamish Moore

SKORVEFJELL har gitt inspirasjon til mange kunstverk. Kunstnaren Erlend Grøstad måla dette biletet av Skorvefjell i 1996 frå Flatdal. Originalen finst på Nutheim Gjestgiveri. (Utsnitt.)



Om turen

LETT RUNDTUR som er fin å gå med barn. Hanakamjuvet ligg flott til i Kivledalen ovanfor Seljord sentrum og er eit mykje nytta rekreasjonsområde både sommar og vinter. Når det er fint vær, kan du få god utsikt over Seljord og Seljordsvatnet, der Sjøormen bur. Det er ein godt framkommeleg veg opp og parkeringsplass. Vi tilrår å køyre opp Gullnesvegen mot Kivledalen.

FRÅ PARKERINGSPLASSEN går du tilbake eit stykke langs bilvegen, tek til høgre og følgjer skiltinga opp mot Hanakamjuvet. Undervegs kan du oppleve fossefall, historiske plassar, juv og gode utkikkspunkt. For å få ein fin rundtur tek du til høgre når du møter bilvegen, og følgjer den tilbake til parkeringsplassen. Langs vegen er det mange fine naturområde. Eit alternativ er å følgje skogstien på nordsida av Hanakamjuvet tilbake til parkeringsplassen.

Køyreforklaring



Start turen ved turistinformasjonen i Seljord sentrum. Køyr 500 m vestover.

Gullnesvegen

Sving til høgre opp Gullnesvegen. Du køyrer gjennom eit byggjefelt med mange stikkvegar til høgre og venstre, men hald deg på Gullnesvegen.


BOMVEG

Etter 5 km er det betalingsbom.



800 m etter bomvegen er det parkering på høgre sida av vegen. (GPS: N59°30.466' E008° 34.210')

Du har sjølv ansvar for tryggleiken undervegs. Ta omsyn til naturen og beitande dyr. Gjer vel å ta med søppel heim. God tur!



Kart:
Seljord 1 : 40 000

Kart: AT plan. Kjelde:
Statens kartverk,
Geovekst og kommuner

Tilgang:
mai – november



Målestokk 1 : 50 000

Ekvidistanse 20m

..... = merkt sommarløype

..... = skogsti

